

Kopiert fra gammel hjemmeside:

Jon Rømmesmo:

HELLERISTNINGANE I HOLE

Dei fleste helleristningar er frå bronsealderen. I Hole har vi helleristningar på Sundvollen og ved garden Berget lenger ute – mellom Utvika og Nes. Ristningane på fjellsida ved Berget er laga med sikker linjeføring. Det ser ut til at ”kunstnaren” (”kunstnarane”) kjente godt til skipa dei laga bilete av. Kanskje har dei vore med og laga desse skipa. Dei har fått ulik utforming på fjellveggen. Ser vi her ”individuelle” skip som har trafikert Tyrifjorden for 2 – 3000 år sidan?

Først til helleristningane på


SUNDVOLLEN: Ristningane på den horisontale steinflata ved gamleskolen på Sundvollen er av eit heilt anna slag. Dei er ikkje så profesjonelt utført og viser stokkbåtar for 5 – 6 – 7 personar, som padla. Ein stokkbåt vart laga av ein trestamme. (Det var også ein tofura båt på steinen. Den ser ikkje ut til å vere fullført). Steinen var kan hende ein offerstein. Dersom den var det, har det her runne mye dyreblod – kanskje også menneskeblod. I tillegg til båtristningane er det tre skålgroper og to minne om soldyrkinga, som vi veit var vanleg i bronse- og jernalder: konsentriske sirkclar. Vi kan tenke oss at denne staden også vart bruka som festplass.

På biletet av helleristningane ser vi at det meste er laga med ”ristaren” plassert på nedsida av biletet. Men i alle fall *ein* båt og ”solmennesket” er laga frå den andre sida. Er det gjort seinare enn det andre på steinen? Denne båten og den store tofura er meir i slekt med ristningane ved Berget.

Figuren, som eg har kalla ”solmenesket”, meiner eg svarar til dei figurane vi finn på andre helleristningar i Vestfold og Østfold. Kanskje har ”ristaren” hatt eit vagt minne om spiralen, som ofte blir brukt andre stader?


Korleis vart stokkbåtane laga? Dei vart laga av store trestammar, som dei hogg og skava innmaten ut av. For eksempel lindetra eigna seg godt til dette. Det kan hende dei kjende den teknikken vi har sett i bruk i seinare tider med å ”brette eller tvinge ut” den øverste kanten av båten? Sjå teikningane.




Stokkbåtar er heilt ned til vår tid laga på denne måten:



Båtsidene kunne lagast ned til 1,2 cm tjukke.

Vatn som blir vermt opp av glovarme steinar.








Helleristning Sandefjord (Hauge, Haugen)

TYRIFJORDEN (og elvene) VAR VEGEN – og var det enno i fleire tusenår. I 1905 for eksempel var det enno dampskipaier kring Tyrifjorden – og skip i rutebart. Sia har vegane teke over.

BERGET: Ein gong på 1850-talet var det ein mann som rodde langs med berget ved garden Berget i Hole. Han leitte etter eit minnesmerke om ei ulykke. Det var hogge inn i bergsida ein stad. Det var eit nygift par som var omkomne i ein storm på fjorden. Så nøye såg han etter at han oppdaga helleristningar, som var over 2000 år gamle. Det var vanskeleg å sjå dei, for viss det hadde vore farge i streka, så var den borte for lenge sidan. Til no er det funne ristningar av minst 7 tofura skip. Dei to lengst i nord stemmer mot nord, dei fem andre mot sør, mot sola. Eitt av dei er ein mindre robåt. Det er også ei ristning av ein labyrinth. Heilt for seg finn vi ved Nes ei stor steinhelle med to sirkclar på sol og måne.



Eitt av skipa frå Berget. Etter: "Fornminner i Buskerud", Oslo 1985.

Av ristningane kan vi ikkje finne noko, som tyder på at dei er skapte i eit bonde- eller jegarsamfunn. Det er ingen bilete av dyr her. Det einaste er stammen på noen av båtane. Han viser eit hestehovud. Hesten kom hit i bronsealderen og vart sikkert brukt som eit symbol på styrke. Var dette eit lite samfunn av krigarar eller røvarar? Ein litt mindre spennande moglegheit er det at dei kanskje dreiv med transport. Frå Berget hadde dei godt oversyn over ein stor del av fjorden. Kor lang tid var dei her dei folka, som laga ristningane? Det veit vi ikkje.

Hestehovud frå ristning i Berget:




Hestehovud frå ristning i Østfold.


Vestsida av Tyrifjorden var ein gamal transportveg mot Oslofjorden og havet og tilbake mot innlandet. (Seinare vart vegen over Lier mest brukt.) Både aust og vest for Tyrifjorden var det utrygge og farlege skogsområde.

Så litt om båtane:

Dei hadde plass til ca. 11 – 16 padleårar. Båtane var bygd opp av trestammar, som vi må tru var bøygd i varme og damp. På spantane, som gjekk på tvers av skipet, var det anten trekt dyrehuder, eller det var trebord, som var sydd saman med bastsnorer. Korleis vi veit det? Les skildringa her om det danske jernalderskipet frå Als i Danmark:



Linnaeus' reise til Lappland 1732.
Båt sydd med bastsnor eller snor laga av sener.



Sideborda kunne lagast ned til 1,2 cm tjukke.






Foto: Ulf Güssow



Ein labyrint var opprinneleg til å gøyme seg i. Ein som gjekk inn i den ville gå seg vill. Den første vart bygd i det gamle Hellas av kong Minos for å gøyme Minotaurus, som var sonen til dronninga.. I bronsealdrens Norge finn vi labyrinten m.a. som helleristning på Berget og på smykker – truleg som eit magisk vern.




Draktnål i bronse. Detalj. Bronsealder



Berget, Hole: Helleristning

Ein av helleristningsbåtane frå Berget med 12 padlarar, 1 rorkar og 1 skipsførar (?).

Foto: Ulf Güssow.



Dei to helleristningsbåtane som er lengst i nord stemner mot nord. ("Nord og ned"?).
 Dei andre båtane stemner mot sør – mot sola.

(Foto: Bjarte Rømmesmo)



Berget. Helleristning nr. 7. "Robåt".
 Foto: Bjarte Rømmesmo

Vi har brukt svart og raud farge på bileta for å gjere ristningane synlege.

LABYRINTAR.



www.bealljecohkka.no Bilde:Harald Sunde.


Dette er eit foto av labyrinten på Holmengrå. Den var ca. 10 m i diameter og var bygd opp av steinar og jord. Labyrintar av dette slaget har det vore over store delar av verda. Dei vart laga frå 1000 år før Kristus til fram på 1800talet. I dag er dei fleste borte. Nokre av desse kan vi spore ved hjelp av stadnamn.

Labyrinten har vore bruka

- i opent landskap, som den på Holmengrå, (til gudedyrking – opptog og ritualer i heidensk tid(?)).
- meir sjeldan på helleristningar som på Berget i Hole.
- på yttervegg – Seljord kyrkje.
- på kyrkjegolv, f.eks Chartres-katedralen (som symbol på menneskelivet?).
- på kvinnesmykker frå bronsealderen (magisk hjelp til å få barn?).

Labyrinten på Holmengrå, Varangerfjorden

1000 -1600 etter Kr.




Ca. 10 x 8 m.

Skip i bronsealdertradisjon i Danmark

På øya Als i Danmark har ein funne eit slikt skip, som vart datert til ca. 350 før Kristus, altså eldre jernalder like etter bronsealderen. Skipet vart funne i det som nå er ei myr, og det var så godt bevart at danskane rekonstruerte det og prøvde det ut. Det var eit effektivt og godt skip, lettrodd (med padleårar) og ser ut til å ha vore eit krigsskip, som var erobra av danskar og sia ofra til gudane – senka ned i ein liten innsjø. Det var lagt krigs- og kjøkenutstyr i skipet – utstyr for ca. 100 personar. Åtaksstyrken kunne ha vore på 4 sånne skip som Hjortspringbåten.

Skipet var bygd opp av lind, med ein ”kano” i botn, og så var det sydd på med snor av lindebast to breie fjøler på kvar side. (Lindebast var kanskje ikkje sterk nok til eit havgåande skip.) Slår du opp på Hjortspringbåten på internett, finn du foto av båten. Du kan og finne ein videosnutt der båten blir padla fram. Padlarar kunne ro ein båt som denne tvers over Tyrifjorden, frå Berget til Tyristrandsida på ca. 45 minutt.



I parantes til slutt:

Flåten og stokkbåten kom sikkert først. Men det er også ei lang historisk utvikling bak dei båtane vi ser på helleristningane ved Berget i Hole. Danskane rekonstruerer no eit skip frå 1600 år før Kristus, Rørbyskipet. Det liknar og på våre skip frå Berget; men dei, som rekonstruerer skipet, (*Hjortspringbådens Laug*) meiner det var trekt med skinn i staden for å ha sideflater av trebord. Vi finn båttypen på eit bronsesverd frå Danmark.



Hjortspringbådens Laug, Danmark
 Skipet med prins Henrik.
 Foto: Weile, Sebbe Als.



Hjortspringbådens Laug.
 Fra Åbenrå fjord.
 Foto: Otto Uldum

Jon Rømmesmo:


Før skoleelevar: Liv i krig og fred i bronsealderen.

Helleristningane frå bronsealderen på Sundvollen og ved Berget er veldig enkle. På Sundvollen er det mesta berre båtar og ved Berget 'skip'. Berget har i tillegg ein labyrinth. (Den er sjeldan som helleristning.) Bilete av dyr og menneske finst ikkje her – berre strek, som skal symbolisere menneske.

Men vi er så heldige at vi kan gå til den svenske vennskapskommunen vår: Tanum. Der kan vi oppleve noko meir av fortida og møte menneske og dyr frå bronsealderen. Dersom du bruker lenkane, kan du og sjå korleis husa såg ut i den tida.




Bronsealderskip. Hole. Norge. Det var 14 mann som padla
+ ein mann som styrte og ein hadde kommandoen.



Helleristning. Skip. Tanum. Sverige

På helleristninga frå Tanum ser vi at det er to menn som er viktigare enn dei andre, ein foran og ein bak.

Dei har hjelmar med horn på hovudet. Det ser ut til å vere 12 padlararar her.




Liten båt. Bronsealder med 5 mann ombord. Hole. Norge. Ein av dei var vel sjefen?




Fiske i bronsealderen. Tanum. Sverige.

Desse to båtane var ikkje stokkbåtar og dei var ganske lette.
Den vesle ”utveksten” bak på kjølen på båe båtane var vel ein stabilisator,
ei tyngde for å hindre at båtane velta.



Bronsealder. To oksar og ei vogn, Tanum. Sverige.
Vogn og oksar er ”bretta ut” så det blir mest mogleg tydeleg korleis dei ser ut.



Bronsealder. Pløying med to oksar. Tanum. Sverige.
Denne plogen kallar vi ard. Den er laga heilt av tre.



Krigar frå bronsealderen. Tanum. Sverige



Mann med spyd og skjold. Tanum. Sverige.

Krigarar med runde skjold er som regel frå ei eldre tid enn dei med 4-kanta skjold.



Krigar. Tanum. Sverige




Lurblåsarar med hjelm. Tanum. Sverige


I bronsealderen var keltarar og norrøne menn ofte nakne når dei kriga eller dyrka gudane sine.



Hestar og menneske. Tanum. Sverige.



Mann med skjold, pil og boge. Tanum. Sverige.



Helleristning, Sverige

Dei bileta frå Tanum, som du har sett her, har vi endra på den måten at vi har gjort dei så tydelige som mogleg. Det har vi gjort fordi tida har tært på helleristningane, gjort noko av dei mindre synleg. Linken til helleristningar i Tanum viser korleis dei ser ut på bergflatene no.

Klikk på linkane til:

Vitlycke museum: Med m.a. helleristningar og bronsealderhus.

Helleristninger i Tanum: Bruk kartet. Klikk på dei raude rundingane.

Universitetet i Bergen: Avsnittet om bronsealderen. Arbeidsoppgåver.

Fornminne i Rogaland: Bronsealderen: Klikk på dei blå rundingane. Her er det illustrasjonar - bilete frå livet i bronsealderen, m.a. av drakter.

Stavanger museum.

Jon Rømmesmo:

Litteratur:

Gro Mandt / Trond Lødøen: 'Bergkunst. Helleristningar i Noreg.' Det norske samlaget, 2005. (Hovedverk om helleristningar i Norge.)

Anders Hagen: 'Bilder i berg'. Anders Hagen. Johan Grundt Tanums forlag. 1966.

Olav Nordheim – Mikael Holmberg: 'Bilde i berg'. Samlaget 1997 (for barn).

Einar Østmo: 'Helleristninger av sørsandinaviske former på det indre Østlandet: fylkene Buskerud, Akershus, Oslo, Oppland og Hedemark' 1990.

'FORNMINNER I BUSKERUD' rapport om toppografisk-arkeologisk registrering for det økonomiske kartverket. Hole kommune. Universitetets oldsaksamling. Oslo 1985. (ISBN 82-7181-047-2) Thor Heyerdal og Per Lillieström: 'Ingen grenser'. J. M. Stenersens forlag A/S 1999. (ISBN 82-7201-270-7).

Steinar Moe og Einar Østmo: 'Norske helleristninger' – Utgitt til OL 1994 – (ISBN 82-993126-0-4).

Knud Vagn Valbjørn: 'Hvad Haanden former er Aandens Spor'. Hjortspringbåden rekonstrueres. Hjortspringlaugets Forlag 2003.

Linker :

[Hjortspringbåten i Danmark](#)

[Dansk side om helleristninger](#)

[Vitlycke museum i Tanum i Sverige](#)

[Helleristninger i Tanum](#)

[Universitetet i Bergen](#)

[Fornminner i Rogaland](#)

[Stavanger museum](#)